

OM STATISTIKKFØRINGA

Også for 2004 hadde skulekontora i kvar kommune ansvar for at skulane leverte statistikken direkte til ABM-utvikling på Internett. I tillegg skal skulekontora levere ein del sentrale tal for kommunen.

Kor grundig og utfyllande statistikken er varierer frå skule til skule, og skulane og kommunane står sjølv ansvarlege for dei tala som kjem fram. Som tidlegare er det fleire skular som ikkje har levert og også ein del av skulekontora har unnlatt å levere.

Det er også verd å merke seg at utlån ved kombinasjonsbibliotek blir ført i folkebibliotekstatistikken, ikkje i skulebibliotekstatistikken, og dei samanlagt utlånstala i skulebiblioteka vil derfor ligge for lågt.

På grunn av det såpass ufullstendige talmaterialet har Hordaland fylkesbibliotek i år valgt å ikkje kommentere grunnskulestatistikken.